

MAREN LERØEN  
ULSMÅGÅSEN 69  
5224 NESTTUN

Statens vegvesen



Behandlande eining:  
Region vest

Saksbehandlingsamar/telefon:  
Bjørn Skorpa Eikeland /  
56520282

Vår referanse:  
17/150941-7

Dykkar referanse:  
Vår dato:  
20.08.2018

**Overending av vedtak – klage på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå bygginggrense mot fv. 7 på gnr. 21 bnr. 918, Kvam herad**  
Klagemenda i Hordaland fylkeskommune fatta i møte 21.06.2018 følgjande vedtak:

*Klaga vert teken til følgje. Klagemenda viser til at SV sine vurderingar knytt til kommuneplanen allerede er vurdert av kommunen og at dei har gitt tillatelse. Tilbygget vil heller ikkje utgjera vesentleg endring frå dagens situasjon.*

Sjå vedlagte utskrift av møteprotokoll for meir informasjon.

Klagemenda har gjennom sitt vedtak gjeve dispensasjon frå bygginggrense mot fylkesveg 7 som omsøkt.

Statens vegvesens si avgjerd og fylkesrådmannens innstilling, var at dispensasjon ikkje skulle ha vore gjeve. Spørsmålet om standardvilkår dersom dispensasjon skulle verte gjeve, har difor vore hypotetisk og difor ikkje omtala i saka. Klagemenda konkluderer med at dispensasjon vert innvilga, men me har ikkje grunn til å tru at klagemenda har meint at klagar skulle tilgodesjåast yttelegere ved å få ein dispensasjon utan dei vanlige standardvilkår. Slike standardvilkår vil også ha ein faglig tilknytning som bør vurderast av relevant fagmyndighet.

Statens vegvesen tolkar difor klagemendas vedtak slik til at dispensasjonen er gjeve på like vilkår som Statens vegvesen sjølv nyttar ved dispensasjon frå bygginggrense i medhald av veglova §§ 30 og 34.

Dispensasjon er difor gjeve med desse vilkåra:

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5705 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 25.08.2017.

2. Avstanden fra tilbygget (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 7 skal være minst 21 meter.

3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkørsel må følgjast.

4. Tilbygget må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.

5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.

6. Det kan ikkje krevjast erstating for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fv. 7.

7. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger  
Med helsing

Terje Vidar Hoel  
fungerande seksjons sjef

Bjørn Skorpa Eikeland  
Avdelingsingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Kvam herad, Grovgjelet 16, 5600 NORHEIMSUND





Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.  
Kontonr. 5201 06 74239

Tlf: 55 23 90 00  
e-post: htk@htk.no  
www.hordaland.no

Agnes Mowinckels gate 5  
PB 7900  
5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune  
SAMFERDSELSAVDELINGA

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar  
e. f.

Vi ber dykk orientere klagar om vedtaket.

Grunngjevinga går fram av den andre og tredje setninga.

Klaga vert teken til følge. Klagenemnda viser til at SV sine vurderingar knytt til kommuneplanen allereie er vurdert av kommunen og at dei har gitt tillatelse. Tilbygget vil heller ikkje utgjera vesentleg endring frå dagens situasjon.

Klagenemnda gjorde i møte 21.06.18 følgjande vedtak i saka:

Vi viser til dykkar brev av 11.12.17 i høve ovannemnde sak.

## **Klage frå Maren Løren på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrensa frå FV7 til gnr 21 bnr 918 i Kvam herad - melding om vedtak**

Dato: 23.07.2018  
Vår ref.: 2017/16385-4  
Saksbehandlar: torrods  
Dykkar ref.:

STATENS VEGVESEN  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

SAMFERDSELSAVDELINGA  
Forvaltningssaksjonen - SAMF AVD





Arkivnr: 2017/16385-3  
Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

## Saksangang

Utval	Klagenemnda
Saknr. 36/18	Møtedato 19.06.2018

### Klage frå Maren Løren på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå byggingrensa frå Fv7 til gnr 21 bnr 918 i Kvam herad

## Samandrag

Klagenemnda har fått oversendt frå Statens vegvesen (SVV) klage frå Maren Løren (klagar), over SVV sitt vedtak av om avslag på hennar søknad om dispensasjon frå byggingrensa frå Fv7 til gbnr 21/918 i Kvam herad. Klagenemnda skal gjere endeleg vedtak i saka.

SVV sitt vedtak i saka kviler på at ei godkjenning av søknaden vil vere i strid med kommunedelplan for Kvamskogen, og ha negative følger for utbygging av gong- og sykkelveg ved den aktuelle eigedomen, utbetring av vegkurve, plassering av planfrie kryssingar, drift og vedlikehald av vegområdet, trafikktryggleik og støy i bustaden på eigedomen.

Klagar gjer gjeldande at tilbygget som saka gjeld ikkje vil utgjere nokon negativ skilnad frå dagens situasjon, og finn ikkje at trafikktryggleik vedkjem saka. Det vert vidare lagt til grunn ei anna tolking av kommunedelplanen, og andre avstandsmål enn SVV sine. Klagar viser i si grunnngjeving også til eit vedtak i Kvam herad som ikkje er førelagt SVV.

Fylkesrådmannen finn at SVV i sine vurderingar er gjort etter intensjonane i veglova § 29 om å ta vare på krava til vegsystemet, trafikkken og andre samfunnsomsyn. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at SVV si saksbehandlingsinnhald fell eller manglar. Med spesiell vekt på omsynet til arealbehov, kommunepplan for Kvamskogen og rammeplanen, har fylkesrådmannen kome til same konklusjon som SVV. Fylkesrådmannen rår difor til at klagen ikkje vert teke til følge.

Økonomi: Ingen følger.

Klima: Ingen følger.

Folkelise: Mindre følger.

Regional planstrategi: Ingen følger.

## Forslag til vedtak

Klage av 10.10.17 frå Maren Løren, over Statens vegvesen sitt vedtak av 27.09.17 om avslag på søknad om dispensasjon frå byggingrensa frå fv 7 til gbnr 21/918 i Kvam herad vert ikkje teke til følge.

Hordaland fylkeskommune

Agnes Mowinckels gate 5  
PB 7900  
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00  
e-post: hfk@hfk.no  
www.hordaland.no

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.  
Kontonr. [xxxx xx xxxxx]



Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Klaga vert teken til følge. Klagenemnda viser til at SV sine vurderingar knytt til kommunepleanen allereie er vurdert av kommunen og at dei har gitt tillatelse. Tilbygget vil heller ikkje utgjera vesentleg endring frå dagens situasjon.

#### Vedtak

Ljosland sitt forslag vart vedteke med 3 røyster (Krf, H, Frp) mot 2 røyster (A,SV) for fylkesrådmannen sitt forslag.

#### Røysting

«Klaga vert teken til følge. Klagenemnda viser til at SV sine vurderingar knytt til kommunepleanen allereie er vurdert av kommunen og at dei har gitt tillatelse. Tilbygget vil heller ikkje utgjera vesentleg endring frå dagens situasjon.»

Tor- André Ljosland (Krf) sette fram slikt forslag:

Saksprotokoll i klagenemnda - 19.06.2018



**Bakgrunn**

Klagenemnda har i brev av 11.12.17 frå SVV, fått oversendt klage av 10.10.17 (klaga) frå Maren Løren (klagar), over SVV sitt vedtak av 27.09.17 (vedtaket), om avslag på hennar søknad av 11.09.17 (søknaden) om dispensasjon frå byggegrensa frå FV7 til gbnr 21/918 i Kvam herad. Klagenemnda skal gjere endeleg vedtak i saka.

**Søknaden**

Søknaden gjeld oppføring av tilbygg/påbygg i ein avstand på 21 meter frå fylkesvegen. Klagar grunnjæv søknaden slik (utdrag):

[...]

Dette gjelder tilbygg til hytte, oppført i 1943. I forbindelse med tilkopling til vann og avløp er det nødvendig å bygge et tilbygg for bad og kjøkken. [...]

Hovedhytten er bygget etter datidens regelverk når det gjelder avstand til veg.

[...]

**Vedtaket**

Ordlyden i vedtaket er denne:

Med heimel i Veglova § 29 avslår vi søknad om dispensasjon fra byggegrense mot fv. 7 for å oppføre tilbygg på gnr. 21 bnr. 918 i Kvam herad.

I Veglova § 29 heiter det m.a følgjande:

Langs offentleg veg skal det vere byggegrenser fastsette med heimel i denne lova, dersom ikkje anna følger av arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningslova. Byggegrensene skal ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikkken og til miljøet på eigedom som grenser opp til veggen og medverke til å ta vare på miljøomsyn og andre samfunnsomsyn.

Byggegrensene skal gå i ein avstand på 50 meter frå [...] fylkesveg. [...]

[...]

For fylkesveg kan fylkeskommunen for særskilt fastsette strekningar sette byggegrensa til ein mindre avstand enn den som er nemnt i andre ledd, likevel ikkje mindre enn 15 meter.

[...]

**Grunngjeving**

I SVV sitt brev av 27.09.17 grunnjæv dei vedtaket sitt slik (utdrag, SVV sine uthevingar og kursivering):

[...]

Reguleringsplan for gang- og sykkelveg mellom NAF'n og Eikedalen er i gangsett. [...] *Vi må [...]* sikre at tiltak langs fylkesvegen ikke hindrer framføring av gang- og sykkelveg, kurveutbedring og plassering av plantrø kryssinger.



Både gang- og sykkelveg, sjøve Fv. 7 og planfrie kryssinger, kan i framtid bli liggende nærmere fritidsboligen [...] enn det gjør i dag. A tillatte bygg så nært fylkesvegen kan skape utfordringer for drift og vedlikehold, spesielt vinterdrift.

Ut fra tegningene som er vedlagt søknaden, gjelder tilbygget både kjøkken, bad, soverom og terrasse. [...] Det ligger delvis i rød og delvis i gul støysone [...]. Rød støysone er det mest utsatte areal langs vegen, og det blir i denne sonen framadd oppføring av f.eks. fritidsbøllig. [...]

Statens vegvesen i Hordaland og Kvam herad har [...] blitt enige om enkelte prinsipper for kvamskogen. [...]

- Byggegrense langs veg 50 meter

[...]

I denne saken mener Statens vegvesen at hensynene til både trafiksikkerhet, arealbehov og miljøet langs vegen blir berørt av tiltaket det er søkt om. [...] [D]rift og vedlikehold av vegen kan bli skadelidende. [...]

### Klaga

I kaga vert det innleingsvis opplyst at hytta er i dårleg stand, og at ein av tekniske årsaker ikkje bør etablere vårom i den eksisterande bygningssmassa. Det heiter vidare m.a følgjande (klagar si kursivering og utheving):

At Statens vegvesen i sitt avslag spesielt kommenterer på at det i tegningene, i tillegg til baderom og kjøkken, er inntegnet soverom og terrasse, oppfatter jeg som usaklig. Dersom soverommet og terrassen i seg selv er et problem i saken, bør jeg om at det spesifikt tas opp med meg, så finner vi sammen en innredningsløsning alle kan leve godt med.

[...]

### Ad. trafiksikkerhet:

Dette punkt forstår jeg ikke relevansen av i denne saken?

### Ad. Arealbehov og miljø langs vegen:

Areaalbehov: Det omsøkte tilbygget er inntegnet med større avstand til fv. 7 enn den eksisterende hytten. Det er dermed helt urimelig å tenke at tilbygget skal utgjøre en negativ forskjell [...].

Miljø: Statens vegvesen beskriver plasseringen av både eksisterende hytte og det omsøkte tilbygget som delvis å ligge i rød støysone. Dette er etter mitt syn å ta vel hardt!! Sann som jeg leser kartet, ligger både eksisterende bygg, og det omsøkte tilbygget, i grensen rød/gul sone. [...]

### Ad. Fremtidig plassering av gang- og sykkelveg:

Det er, så seint som i 2016, godkjent opparbeidet 4 nye parkeringsplasser [...] ca.20 m fra min tomtegrense, og ca. 12 m fra vegskulder for fv. 7. Det er ikke uttalt noen bekymring for vegvedlikehold eller hindring av planlagt gang- og sykkelveg i dette vedaket. Da vil det være urimelig å tenke seg at dette skulle forholde seg annerledes



hva gjelder det omsøkte tilbygget, som vil ha en avstand til vegens midte på minimum 21 meter. [...]

Ad. Drift og vedlikehold av vegnettet:

Hytten, og store deler av tomtearealet rundt, ligger [...] flere høydemeter over fv. 7. topografien bratt opp til «plataet» foran hytten. Jeg vil ansle at vi snakker om en høydeforskjell på ca. 5-7 meter. At det omsøkte tilbygget skulle utgjøre en økt trussel mot drift og vedlikehold av vegnettet fremstår som helt usannsynlig.

[...] I kommunedelplan for Kvamskogen er det aktuelle området benevnt som LNF område C-11. Sitat «I LNF-c område nr 11 vist på plankartet er det mulig med utviding av 3 hytter på inntil 120m2. [...] Dette betyr at det her ikke planlegges nye hytter, men tilbygg inntil 120m2 anbefales godkjent [...]». Kun 3 hytter (inkl. min egen) befinner seg i dette aktuelle området.

[...]

### SVV si vurdering av klaga

I si nye vurdering av saka i brev av 11.12.17 kommenterer del klagar si anførsle om trafikktryggleik slik: Tilbygget inneholder soverom og bad/kjøkken. Det er grunn til å anta at tiltaket vil medføre økt bruk av hytten, som igjen øker aktiviteten langs fv. 7.

Til anførsla om lokalisering i støysone skriv SVV følgende:

Kartgrunnlaget som Statens vegvesen benytter viser at deler av tiltaket ligger innenfor rød støysone, og deler innenfor gul støysone.

SVV sin kommentar til klagar sine anførsler om parkeringsplassar og plassering av gong- og sykkelveg er følgende:

Statens vegvesen har ikke tidligere hatt kjennskap til dette vedtaket fattet av Kvam herad [om parkeringsplassane], og derfor ikke hatt mulighet til å uttale seg. Det er igangsatt planlegging av gang- og sykkelveg mellom NAF'n og Eikedalen. Det vil bli sett på muligheten til å rette ut kurver og plassering av planfrie kryssinger ifm. Planarbeidet. Det er viktig at ytterligere arealer langs fv. 7 ikke båndlegges gjennom oppføring av f.eks tilbygg på eksisterende enheter.

SVV skriv i si nye vurdering følgende om klagar sine anførsler til drift og vedlikehold av vegnettet:

I følge kartgrunnlaget ligger hytten 3-4 høydemeter opp og ca. 20 meter i fra senterlinjen til fv. 7. store snømengder [...] nødvendigvis bruk av snøfresing på vinteren. Ved dagens trase til fv. 7 ligger omsøkte tilbygg utsatt til mtp. skader som følge av vinterdrift av veggen. Ved en eventuell fremtidig justering av fv. 7 og/eller ny gang- og sykkelveg vil omsøkte tiltak kunne havne nærmere fylkesveg/gs-veg enn i dag, og skape ytterligere utfordringer mtp. vinterdrift.

Om klagar si anførsle til kommunedelplanen skriv SVV m.a følgende:

[...] Bla. skal det praktiseres, i tråd med kommunedelplan for Kvamskogen, 50 meters byggegrense mot fv. 7. Statens vegvesen vurderer at omsøkte tiltak rammes av dette prinsippet. [...]



SVV avsluttar si nye vurdering med følgjande konklusjon:

Statens vegvesen har forståing for at søker ønsker et tilbygg til hytten [...] men vurderer at konsekvensene ved et slikt tilbygg tilsier at søknad om dispensasjon må avslås. Statens vegvesen opprettholder sitt vedtak om avslag på søknad om dispensasjon fra byggegrense.

#### Fylkesrådmannen si vurdering

Det får ikkje tvil om at SVV har heimel i veglova for vedtaket sitt.

Fylkesrådmannen oppfatar usemja mellom klagar og SVV om faktata i saka som lite viktig, då usemja gjeld mållingar på meternivå. Fylkesrådmannen legg i alle høve til grunn at SVV som fagetat har større kompetanse på å gjere mållingar og kartavlesing enn einsskiltpersonar.

Basert på SVV si vurdering av trafikktryggleik i si andre vurdering av saka, finn fylkesrådmannen at dette til forskjell frå klagar si anførsle - er eit relevant moment. Det underbyggjer SVV sine merknader til at klagar sin søknad også omfatar andre rom enn våtromma. Fylkesrådmannen kan likevel ikkje sjå at SVV har gjort gjeldande ei så stor svekking av trafikktryggleiken at det momentet bør vere avgjerande i denne saka.

Når det gjeld milljøtilhøve, i dette høvet støy, kan fylkesrådmannen ikkje sjå at usemja mellom klagar og SVV er stor. Det synast klart at tilbygget vil vere mykje utsett for støy, noko SVV etter veglova § 29 skal ta med i si vurdering.

Kva gjeld kommuneplan for Kvamskogen, har klagar ikkje gjort gjeldande at den nemnde opninga for utviding av 3 hytter gjeld hytter innanfor byggegrensa på 50 meter. Fylkesrådmannen legg difor til grunn at det ikkje skal finne stad utviding av hyttar innanfor byggegrensa. Fylkesrådmannen vil leggje til at det også i rammepleanen, som er vedteken av fylkestinget<sup>1</sup>, også er fastsett ei byggegrense på 50 meter langs den aktuelle delen av fv. 7.

Med omsyn til arealbehov, registrerer fylkesrådmannen at klagar har vist til tidlegare opparbeiding av ein parkeringsplass. Fylkesrådmannen vil her ikkje leggje vekt på klagar si anførsle, då SVV ikkje har hatt høve til å uttale seg i saka, parkeringsplassen kan vere i strid med kommunedelplan for Kvamskogen, og at det er skilnad mellom ein parkeringsplass og ein fritidsustad.

Fylkesrådmannen vil ikkje trekje i tvil klagar si anførsle om at tilbygget ikkje vil utgjere ein negativ skilnad i dagens situasjon er rett. Det omsøkte tilbygget skal, likevel vurderast etter reglane i veglova § 29. Det inneber at SVV må vurdere omsynet til framtidig utvikling av vegnettet.

Fylkesrådmannen er samd med SVV i at det, ved godkjenning av søknaden, kan oppstå ein negativ skilnad frå dagens situasjon. Dette i samband med den omtalte moglege opparbeidinga av gong- og sykkelveg, utbedring av vegkurva, plassering av plantri kryssing og drift og vedlikehald av vegnettet. Dette er etter fylkesrådmannen mange tungtvegande grunnar. Fylkesrådmannen legg difor stor vekt på verknadene det vil ha for arealbehovet i området om søknaden vert godkjent. Etter det fylkesrådmannen kan sjå, er dette ei klar grunnleggjving for avslag av søknaden etter reglane i veglova § 29.

Fylkesrådmannen finn at SVV i sine vurderingar er gjort etter intensjonane i veglova § 29 om å ta vare på krava til vegsystemet, trafikkken og andre samfunnsomsyn. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at SVV si sakshandsaming inneheld feil eller manglar. Med spesiell vekt på omsynet til arealbehov, kommuneplan for

1 2017-2020 Rammeplan for avkøyrsløser med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest,



Kvamskogen og rammepLANEN, har fylkesrådmannen kome til same konklusjon som SV.  
Fylkesrådmannen rår difor til at klagen ikkje vert teke til følgje.